



MILJØDIREKTORATET  
Postboks 5672 Torgarden  
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Bjarne Otnes, 71 25 85 75

## Marin verneplan - Griphølen og Remman - oversending av framlegg til høyringsdokument for fagleg gjennomgang

Vi viser til oppdragsbrev om marint vern frå Miljødirektoratet 20.04.2017, og seinare kontakt om arbeidet med kandidatområda Griphølen og Remman. Det vart meldt oppstart av verneplanarbeidet i juni 2020. Det kom 15 innspel til verneplanarbeidet. Merknadene er oppsummert og kommentert i vedlagt merknadshefte. Verneplanomtalen gjer elles meir greie arbeidet med verneplanen.

Verneplanforslaget omfattar tre verneområde:

- Griphølen marine verneområde (Smøla og Kristiansund kommunar)
- Utviding av Remman naturreservat (Smøla kommune)
- Inngripan naturreservat (Kristiansund kommune)

Kandidatområde Remman omsluttar eksisterande naturreservat, og Statsforvaltaren finn det mest tenleg å utvide reservatet og oppdatere verneformål og vernereglar framfor å la eit marint verneområde overlappe med og ligge som ein smal brem rundt reservatet. Forslag om etablering av Inngripan naturreservat har sin bakgrunn i at dette vart tatt ut av verneplan for sjøfugl i 2010 for vurdering saman med marint vern.

Høyringsdokumenta omfattar verneplanomtale, konsekvensutgreiing, verneforskrifter, vernekart og merknadshefte.

Merk at forslag til verneforskrifter for naturreservata avvik frå forskriftskasta som ligg som vedlegg til konsekvensutgreiinga. Grunnen til dette er at direktoratet i nyleg dialog med oss, i forkant av oversendinga, har bedt oss utforme forskriftene etter ny mal. Endringane er redaksjonelle, og endrar ikkje rettsinnhaldet. For marine verneområde er det ikkje avklart om forskriftsmalen skal endrast tilsvarande som for reservat. Statsforvaltaren har difor tillate seg å utforme ein tillegsvariant etter mønster frå reservatmalen, som eit utgangspunkt for direktoratet si vurdering. Konsekvensutgreiinga vil bli oppdatert med endelege forskriftsforslag før høyring. Ein feil i omtalen av havbeite i konsekvensutgreiinga vil også bli retta før høyring, men vi tar nødvendige endringar samla etter direktoratet sin gjennomgang.



Føresett tilbakemelding frå Miljødirektoratet innan rimeleg tid tar Statsforvaltaren sikte på å gjennomføre høyring hausten 2026, og sende over tilråding snarast råd etter årsskiftet.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)  
direktør

Linda Aaram  
underdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Verneplanomtale\_Griphølen\_FØR\_FAGLEG\_GODKJENNING
- 2 Konsekvensutgreiing - marint verneområde Griphølen og Remman
- 3 UTKAST\_Forskrift\_Griphølen\_marine verneområde
- 4 UTKAST\_Forskrift\_Griphølen\_marine verneområde\_NY MAL
- 5 UTKAST\_Revidert\_Forskrift\_Remman naturreservat\_NY\_MAL
- 6 UTKAST\_Forskrift\_Inngripan\_naturreservat\_NY\_MAL
- 7 Kart - Griphølen marine verneområde – alternativ G1
- 8 Kart - Griphølen marine verneområde – alternativ G2
- 9 Kart - Restriksjonssone tarehausting – alternativ G-RS-1
- 10 Kart - Restriksjonssone tarehausting – alternativ G-RS-2
- 11 Kart - Utviding av Remman naturreservat
- 12 Kart - Inngripan naturreservat
- 13 Merknadshefte marint vern Griphølen og Remman VED HØYRING (1)

**Kopi til:**

<b>Smøla kommune</b>	<b>Postboks 34</b>	<b>6571</b>	<b>SMØLA</b>
<b>Kristiansund kommune</b>	<b>Postboks 178</b>	<b>6501</b>	<b>KRISTIANSUND N</b>
<b>Fiskeridirektoratet</b>	<b>Postboks 185 Sentrum</b>	<b>5804</b>	<b>Bergen</b>
<b>Møre og Romsdal fylkeskommune</b>	<b>Postboks 2500</b>	<b>6404</b>	<b>Molde</b>